



Ard arealplan AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1260 - 14/6433

Saksbehandlar:

Kjersti Flatråker

kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:

12.06.2014

Plansak 12602012000100 - områdeplan - Olsvollstranda næringsområde - oppsummering etter møte mellom Ard arealplan AS og Radøy kommune

Tilstade:

Ann-Helen Nessen og Jan Espen Vik, Ard arealplan AS

Jarle Landås, rådmann Radøy kommune, Tonje N. Epland, leiar teknisk forvaltning og Kjersti Flatråker, arealplanleggjar

I samband med planarbeid på Olsvollstranda inviterte Radøy kommune til møte. I denne plansaka er Radøy kommune både oppdragsgjevar og arealplanstyresmakt. Føremålet med møtet var å få diskutert den vidare planprosessen. Saka har fått vedtak i hovudutval for plan, landbruk og teknisk, med vilkår om å «redigere og ferdigstille plandokumenta» før høyring og offentleg ettersyn.

Møtelyden var samde om at Ard går i gjennom planen og dobbelsjekker at kart og tekst stemmer i forhold til kvarandre. Ard stramar opp føresegnene i forhold til §§ 12-5 og 12-7 i plan- og bygningslova.

Radøy kommune skulle sjekke opp om det er naudsynt å spesifisere byggjegrænse mot sjø i reguleringsplanen. Det er lagt byggjegrænse innafør byggjeområda. Kva med arealføremål som innebærer tiltak, men ikkje bygg, som til dømes veg? I Rundskriv T-2/09 «I kraftsetting av ny plandel i plan- og bygningsloven» side 33: *Den generelle forbudsreglen kan fravikes gjennom planer etter loven. Dette er dels en videreføring, dels en viss innstramming av unntaksregelen i § 17-2 andre ledd i pbl.85. Bestemmelsen klargjør at det i kommuneplanens arealdel må være fastsatt en byggegrense i områder hvor det skal tillates utbygging dersom byggeforbudet i § 1-8 skal falle bort. I reguleringsplaner vil en slik byggegrense normalt inngå. I planer som bare angir arealbruk til byggeformål, vil byggeforbudet i 100-metersbeltet fortsatt gjelde inntil annen byggegrense er fastsatt. Dette vil også gjelde for områder som er angitt for spredt bebyggelse etter § 11-11 nr. 1 og 2.*

Radøy kommune tolkar dette slik at byggjegrænse mot sjø må inn i reguleringsplanen for alle tiltak, ikkje berre bygg.

Etter kontrakten som er skrevet mellom Ard arealplan AS og Radøy kommune skal Ard levere eit planframlegg godt nok til 1. gongs høyring til ein avtalt pris for kommunen. Ekstra arbeid kan fakturerast, men då etter avtale med kommunen på førehand. Dette møtet kan fakturerast kommunen då det kjem i tillegg til avtale.

Vedlagt notat om endringar som må til i plankart og føresegner.

Reviderte plandokument vert levert Radøy kommune innan torsdag 19.06.2014.
Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Olsvollstranda endringer

Mottakere:

Ard arealplan AS